

Saksbehandlar: Kåre Forslund, Samferdsleavdelinga
Sak nr.: 14/7498-1

Avtale for sykkelbyen Florø

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår sykkelbyavtale med Flora kommune frå 1.1.2015.
2. Fylkeskommunen sin del av kostnadane med avtalen kr 150 000 pr. år, til saman kr 600 000 i perioden 2015-2018, vert finansiert slik:
 - a) 450 000 kr på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2014. Midlane blir sett på fond og utbetalt i perioden 2016-2018 med 150 000 kr årleg.
 - b) 150 000 kr på teneste 4005 til disposisjon for utvala i 2015. Det vert teke atterhald om tilstrekkeleg løyving på teneste 4005 i budsjettet for 2015.

Vedlegg:

1. Avtale for sykkelbyen Florø

Andre dokument som ikkje ligg ved:

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Grunnen for at saka er fremja

I Nasjonal Transportplan 2010-2019 var det framlegg om at alle fylke i perioden 2010-2013 skulle satse på å utvikle minst ein sykkelby. SVV skulle ta initiativ for å få til forpliktande samarbeid med fylkeskommunar og kommunar om konsentrert innsats for meir sykling i desse byane. Målet var å oppnå synlege resultat på sykkelbruken på kort sikt. I mai 2012 vart det etablert ein avtale for Førde.

I samband med fylkestinget si handsaming av Regional transportplan for Sogn og Fjordane 2014-2023 i FT-sak 46/13 vedtok Fylkestinget ein ambisjon om å inngå fleire sykkelbyavtalar i fylket. Fylkestinget bad administrasjonen gå i dialog med kommunane Eid, Flora og Statens vegvesen om dette. I sak 0036/14 gjorde Hovudutval for samferdsle vedtak om at det fyrst skulle arbeidast vidare med å etablera sykkelbyavtale for Flora kommune.

2. Vurderingar og konsekvensar

Det no laga forslag til avtale for sykkelbyen Florø, sjå vedlegg.

Avtalen definerer kva strategiar og planar for sykkel ein tek utgangspunkt i. Vidare kva ulike mål ein ønskjer å oppnå. I tillegg avklarar avtalen organisering og økonomi.

Avtalepartnarar er dei som er eigarar av vegane i Florø. Det er Statens vegvesen Vegavdeling Sogn og Fjordane, Flora kommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Avtaleperioden er fram til 31. desember 2018.

For å koordinere aktiviteten er det behov for ein prosjektleiar. Prosjektleiar har ei 50 % stilling, og vedkommande skal vere tilsett i Flora kommune. Alle 3 partar bidreg til lønsmidlar.

Formålet med avtalen er å etablere felles grunnlag for partane sitt vidare arbeid med å utvikla Sykkelbyen Florø for å få til ein felles, konsentrert innsats for å auka sykkelbruken.

Prosjektet sine hovudmål er å betre folkehelse gjennom auka sykkelbruk, mellom anna ved overføring av reiser frå bil til sykkel. Samtidig må tryggleiken for syklistar betrast slik at talet på sykkelulykker ikkje går opp.

Det å legge til rette for eit sikkert og effektivt sykkelnett gir stor samfunnsnytte. Då er sykkel raskt og praktisk, gir betre helse, bidrar til meir levande by/tettstadmiljø og mindre forureining.

Auka sykkelbruk samsvarar godt med intensjonane i Regional plan for fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv 2014-2017 og Regional plan for folkehelse som er under utarbeiding.

3. Økonomiske konsekvensar

Samla kostand med avtalen er 600 000 kr fordelt med 150 000 kr årleg i perioden 2015-2018.

Fylkesdirektøren legg opp til at avtalen vert finansiert over teneste 4005 til disposisjon for utvala med ei løyving på 450 000 kr i 2014. Desse midlane vert fondsavsett og skal dekkje kostnaden med avtalen i 2016-2018. Kostnad med avtalen for 2015 vert finansiert med 150 000 kr på same tenesta i 2015, med atterhald om at fylkestinget vedtek ei løyving på tenesta i budsjettet for 2015.

Tilgjengelege midlar på posten til disposisjon for utvalet i 2014 er 600 000 kr. Det vert tilrådd å nytte 450 000 kr i denne saka. Vidare ligg det og eit framlegg frå fylkesdirektøren om å løyve 100 000 kr til prosjektet Stad skipstunnel for arbeid i 2015 (eiga sak).

4. Konklusjon

Fylkesdirektøren vil tilrå at hovudutval for samferdsle godkjenner at Sogn og Fjordane fylkeskommune inngår avtale for Sykkelbyen Florø.

Fylkesdirektøren tilrår at hovudutval for samferdsle finansierer fylkeskommunen sin del av kostnaden med avtalen på teneste 4005 til disposisjon for utvala med 450 000 kr i 2014 og 150 000 kr i 2015. Løyvinga i 2015 er med atterhald om fylkestinget sitt vedtak om budsjett for 2015.